

Referat frå styremøte 08.06.21

Til stades: Tone Østtveit Kvinen, Helga Hadland, Eva Marianne Tennfjord, Anita Haugen og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Siri Fidjeland

Sak 20/21: Stortingsvalet 2021

a) Lesarinnlegg NBK

NBK vil senda ut fire (4) forslag til lesarinnlegg i samband med stortingsvalet; vern av matjord, skulemat, frivilligheita si tyding og høghastigheitsbreiband i distrikta.

Etter litt diskusjon, vart me samde om at Åse-Berit sender det første lesarinnlegget til Agder – Flekkefjord tidende og SirdalMedia, og Helga kan ev. fronta saka om nokon tek kontakt. Det er viktig at me engasjerer oss for det me brenn for, og ikkje blir heilt tannlause.

b) Valpakke NBK

Denne tar opp dei same fire temaa, men me vil ikkje gjera meir med dette. Eit bilete av 6. klasse på Sinnes skule frå "Bruk heile dyret"-aktiviteten er nytta i skulematmateriellet...

Sak 21/21: Aktivitetar på bygdetunet i sommar

Åse-Berit kontakta Husflidlaget, som sa nei, og ho har hatt møte med Magnar Undheim frå Sirdal historie og kulturvernlag for å planleggja litt før Hjemmesommer 2021-brosjyra går i trykken, og dei har kome fram til dette:

- 1) Sirdal i litteraturen** 30.06.21 kl. 18.00-19.30 (inkludert enkel servering), m.a. Arne Garborg, Tor Obrestad, pater Pollestad, Ragnvald Jørgensen (frå Tonstad), Jack Rostøl, Sven og/eller Jørgen Valevatn, Kjartan Fløgstad (kanskje) og Gunhild Kvinen.
- 2) Forteljingar/historier**, m.a. kunst i Sirdal 26. juli kl. 18.00-19.30 (inkludert enkel servering). I tillegg kan me kanskje bruka nokre av segnene i *Segner og historier frå Sirdal*, og Magnar kan fortelja om Jørenhuset.

Datoar er avklara med Ingvild på bygdetunet, og Magnar tok det opp på styremøtet i historielaget i sist veke. Kulturkontoret informert i korte trekk, og Gudrun skal leggja det ut på Hjemmesommer 2021 på kommunen si heimeside.

På møtet vart det føreslått at me kan spørja om Odd Kvinen (Tone), Steinar Tjonlid og Torjus Kvæven (Åse-Berit) kan bidra med historier. Diskusjonen gjekk høgt om servering, og om me konkurrerte med Kvæven kafé, men dei har ope til 18.00, så det bør gå bra. Eva og Anita kan vera med 30. juni, medan Tone og Helga kan vera med 26. juli. I tillegg sjekkar me med medlemmene.

Eit anna spørsmål er om me konkurrerer med Sirdal Safari and Adventures (SSA), men avtalen mellom SSA og kommunen er at museet driv som vanleg, og at bygga er tilgjengelege i museet si opningstid og til deira aktivitetar.

Sak 22/21: Sjøppeldugnad v/Sirdalsferie

Sirdalsferie har tatt initiativ til å samla kommunen, lag, foreiningar og vellag til ein sjøppeldugnad, og Tone har sagt ja på SBK sine vegne. Eva

opsummerer samarbeidet for nokre år sidan med IRS og kommunen om å levera større ting gratis til IRS, og om miljøkomiteen som vart sett i gang for to år sidan. Nå er det Sven Sandvik (Sirdal kommune), Eva Snarli og Eva (SBK) som sit der. Det er fleire som samlar søppel dagleg, nokre ivrige sjeler legg det ut på FB og rapporterer til Hold Norge rent og Miljødepartementet. Dei nyttar FB for å skapa gode haldningar, og Eva har avtala informasjonsmøte på Sirdal vgs til hausten.

Vidare idear er å ha ein søppelplukkingsaktivitet/-dag, adoptera ei strand, skriva lesarbrev/informasjon og engasjera nokre gode førebilete/heltar i ungdomsmiljøet. Sirdal bondelag vil gjerne gjera ein jobb på Tonstad.

Eva har laga små lappar til å leggja med pakninga med oppfordring om å bruka søppelkassa når nokon tar med seg mat frå bakeri, bensinstasjonar, butikkar m.m. Nokon er positive, andre ikkje like positive. Ho henger òg opp plakatar mange stader, men desse bør ev. laminrast, for plastlommer ver fort porøse og går i mange bitar, og me vil jo ikkje forsøpla.

Sak 23/21: Bygdeutvikling/samskaping v/Tone

Tone har ikkje fått tilbakemelding på brevet til Sirdal kommune, og det kan vera pga. uheldige omstende, men reagerer når det skal vera samskapingssmøte 10. juni kl. 17.00 på kulturhuset. Det er eit prosjekt i Lister, og ho oppfordrar flest mogleg til å møta opp. Det er viktig å koma saman og arbeida mot eit felles mål.

Sak 24/21: Gjennomførte aktivitetar - evaluering

- a) **Urteturen** var kjekk, og det blei ein lang dag for dei tre (3) som var med
- b) **Blometuren** samla fem (5) medlemmar, som reiste til Hommersåk for restaurantbesøk, men ende opp hos Anette pga. smittevernreglar
- c) **Norspinnbesøk og ølsmaking** trekte ni (9) damer. Omvisinga hos Norspinn var interessant og grundig, og det same var ølsmakinga. Det vart lite til til snakk. Gudrun Ovedal hadde føreslått å snakka om ølbollar, men det får bli ein annan gong.

Sak 25/21: Aktivitetar framover

Ystepikene: Helga sjekkar om 28. september frå 17.00-19.00 passar

Sak 26/21: Nye innbuarar

Her har me nok venta for lenge...:

David og Jo på Myraleidet

Cherry og Rett

Pieter på Runtleneset

Åse-Berit: Stine i Nesset

Anne Berit Askeland, Sinnesliå 133

Besøkt: Aksel Philip Lægraid Kvæven
Marit Therese og Lars Ingve Sinnes

Nytt møte: 10. august kl. 19.00 på Sinnes skule